

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.02.2018

Rasmus Laupsa Rasmussen (A) sette på vegner av A, Sp, SV og KrF fram slikt forslag:

«Alternativ til punkt 1:

Fylkesutvalet opprettar ei søknadsordning for kommunar med ei ramme på 20,77 millionar kr i 2018. Utval for miljø og samferdsel får ansvar for tilskotsordninga, og trafikksikringsutvalet har innstillingsrett.»

Det var 14 representantar til stades.

Røysting

Rasmussen sitt forslag punkt 1 vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot ingen røyster for fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 og 3 vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet sluttar seg til dei prioriteringane av tiltak som fylkesrådmannen tilrår i saka, summert opp i følgjande hovudpunkt:

1. Fylkesutvalet opprettar ei søknadsordning for kommunar med ei ramme på 20,77 millionar kr i 2018. Utval for miljø og samferdsel får ansvar for tilskotsordninga, og trafikksikringsutvalet har innstillingsrett.
2. Omfordeling av 30 mill. kr til forsterkning går til tiltak som er foreslått prioritert av Statens vegvesen.
3. Dei 10 millionane som vart omfordelt til sikringstiltak i tunnel i 2018 skal gå til naudsynt utbetring av dei alvorlegaste problema med brannutrustinga og kommunikasjonssystema i tunnelane Bjarøy, Olsvik og Stongafjell.